



Alver Kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6137 - 23/80941

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
20.10.2023

Ferdigattest VA - arbeid og brygge - gbnr 188/116 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 1097/23
Tiltakshavar: Alver Kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK

Det vert gjeve ferdigattest for vatn- og avlaupsleidningar og bryggekonstruksjon på gbnr 188/116.

Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.01.2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.08.2023.

Skildring

Adresse:	Kvassnesvegen
Bygningstiltak:	Brygge
Storleik:	5X5,7m

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/6137

Med vennleg helsing
Alver kommune

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver Kommune
Norconsult As

Postboks 4 5906
Postboks 626 1303

FREKHAUG
SANDVIKA